

**Nesten 30 000 i bedehusbasaren**

Basarsjef Aud i samtale med Marit og Arne Lindekleiv

**Indremisjonen og i særleg grad då basarsjef Aud Isaksen Haugland hadde ein stor dag i dag. Til den tradisjonelle bedehusbasaren kom det rundt' 40 som kjøpte årer og tok lodd for nesten 30 000 kroner. Summen går til det vanlege vedlikehald av huset som vert stadig meir brukt.**

- Det er mange år siden basaren ga så mykje i kassa, seier Aud over kaffekoppen mot tampen av basaren.

Faktisk kan vi ikkje finna kor langt vi må attende for å registrera eit så høgt beløp, som vart 29 386 kroner. Men i 2011 kom det like oppunder, nemlig til 27 241 kroner og det nådde 24 455 i 2011.

Programmet for basaren var som det plar vera, det handla ikkje berre om pengar. Denne gongen var det tidlegare kyrkjeverje Arne Lindekleiv som heldt ei tankevekkjande andakt. Over er han saman med kona Marit og dei to samtalar med Aud.

Bileta under viser ho i ymse rollar under basaren.



Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



